



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 1  
6863 LEIKANGER

Dato: 15.01.2014  
Vår ref.: 2014/555-3  
Dykkar ref.:

## Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) – styrka representasjon frå Statens vegvesen

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde følgjande vedtak i møte den 31. oktober 2013:

*Fylkeskommunen sitt trafikksikringsarbeid skal organiserast som eit FTU samansett av fem politiske valde representantar og konsultative representantar frå aktuelle fagetatar.*

Følgjande fem politiske representantar er oppnemnd for inneverande valperioden 2011-2015:

1. *Silja Ekeland Bjørkly (H), Samferdselsutvalet*
2. *Gustav Bahus (FrP), Samferdselsutvalet (leiar)*
3. *Atle Kvåle (A), Samferdselsutvalet (nestleiar)*
4. *Dan Femoen (H), Opplærings- og helseutvalet*
5. *Anne Beth Njærheim (V), Kultur- og ressursutvalet*

Tidlegare har trafikksikringsarbeidet i fylket vore organisert som eit fylkestrafikksikringsråd (FTR). Det vert lagt opp til at organisasjonane og etatane som var representert i FTR vil gå inn som konsultative, administrative representantar i FTU. Dei siste tre åra har Statens vegvesen (SVV) stilt med ein representant i rådet. På bakgrunn av den nye organiseringa, og ut frå dei oppgåvene som ligg til FTU ser vi no at det er trong for å styrka representasjonen frå Statens vegvesen. Det er særleg ønskje om trafikkfagleg/teknisk kompetanse med stor fagkunnskap om trafikksikringsfeltet. Vi ber med dette Statens vegvesen vurdere å styrke representasjonen inn i FTU. Svar på denne førespurnaden kan sendast til Lise Ådlandsvik med epost [lise.adlandsvik@hfk.no](mailto:lise.adlandsvik@hfk.no) og telefon 55 23 91 56.

I utgangspunktet vert det lagt opp til kvartalsvise møter, men dette kan endre seg avhengig av talet på saker og arbeidsomfang. Det kan også vere aktuelt at dei konsultative medlemmene har eige møte i førekant av FTU-møtene. Fyrste møte i FTU er ikkje fastsett, men det er von om at dette kan finne stad i innan utgangen av februar.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Lise Ådlandsvik  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*